



NORSK GJENVINNING AS AVD FØRDE
Flovegen 1
6800 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Endring av løyve etter forureiningslova

Vi viser til brev datert 12. april 2022 med varsel om endring av løyve etter forureiningslova og til korrespondanse i samband med saka.

1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Norsk Gjenvinning AS avd. Førde (NG Førde) sitt løyve etter forureiningslova. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Statsforvaltaren har gjort ein fullstendig gjennomgang av alle vilkår og oppdatert løyvet i samsvar med ny mal for løyve etter forureiningslova og BAT-konklusjonane. Vi har også gitt løyve til auka årleg mottaksmengde av ordinært avfall frå 24 250 til 32 000 tonn, auka lagringsmengda farleg avfall (stykkgoods og bulk) frå 250 til 350 tonn, og redusert lagringsmengda ordinært avfall frå 5000 til 3000 tonn.

Endringane i løyvet er gjort med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd.

NG Førde skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 105 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.



1.1 Fristar

Innan **1. juni 2023** skal NG Førde

- ha eit etablert system for energileiing i verksemda, jf. punkt 8.1 i løyvet
- sende støysonekart til Sunnfjord kommune og Statsforvaltaren, jf. punkt 14.2

Innan **1. september 2023** skal NG Førde

- sende vurdering av forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn, jf. punkt 14.3 i løyvet

Innan **31. desember 2023** skal NG Førde

- ikkje ha utslepp av avløpsvatn til Løken (0281010201-4-C), jf. punkt 3.1.3 i løyvet
- sende utgreiing av utslepp til vatn, jf. punkt 14.1 i løyvet

Sjå også løyvet.

2 Kort om bakgrunnen for saka

Oppdatering av løyvet

Statsforvaltaren har teke initiativ til å revidere NG Førde sitt løyve etter forureiningslova datert 18. september 1998. Løyvet har vore endra fem gonger sidan 1998 med sist endring 17. februar 2014 og 28. juni 2012 før det. Vi har vurdert at det vart gjort mindre endringar 17. februar 2014. Endringa som vart gjort 28. juni 2012 vurderer vi til å vere ei større endring der også krav vart lagt til. Den 28. juni 2022 var det derfor minst 10 år sidan ei større revidering av løyvet.

Statsforvaltaren har heimel til å gjere ein fullstendig gjennomgang av alle vilkår i løyvet når det er gått 10 år, jf. forureiningslova § 18 tredje ledd. Det er viktig med ein gjennomgang av alle vilkår i løyvet for å sikre samsvar med dagens kravstilling for denne type anlegg. Varsel om endring av løyve vart sendt i brev datert 12. april 2022.

Søknad

NG Førde har i samband med oppdatering av løyvet kome med søknad om

- reduksjon av maksimal mengde ordinært avfall på lager frå 5000 til 3000 tonn
- auke av årleg mengde mottaksmengde av ordinært avfall frå 17 250 til 25 000 tonn
- auke av maksimal mengde farleg avfall på lager frå 250 til 350 tonn

Bedrifta har opplyst at auka årleg mottaksmengde av ordinært avfall frå 17 250 til 25 000 tonn i verste fall vil bety 1 bil ekstra per verkedag.

Vidare er det opplyst at verksemda har to utsleppspunkt

- Felles utsleppspunkt frå gnr. 21 bnr. 299, 540 og 554 (Flovegen 1 og 16) med utslepp via sandfang og oljeutskiljar, og vidare til kommunalt reinseanlegg til Førdefjorden-indre (0281010201-3-C)
- Utsleppspunkt frå gnr. 21 bnr. 554 (Flovegen 16) med utslepp via sandfang og deretter direkte i Løken (0281010201-4-C)

BAT-oppdatering

I tillegg er verksemda omfatta av BAT-konklusjonane for avfallsanlegg og det er i samband med dette behov for å oppdatere løyvet i tråd med BAT-vilkår. Revidering av løyvet er viktig for å sikre at utsleppa frå bedrifta er i tråd med kva som er mogeleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege



teknikkar, BAT. Krav om utsleppsnivå som kan oppnåast ved bruk av BAT, følgjer av EUs industriutsleppsdirektiv (IED), som er teke inn i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 36.

Statsforvaltaren skal sørgje for at bedrifter med løyve til forureinande verksemd blir regulerte med utgangspunkt i kva som blir rekna som BAT i den aktuelle bransjen, med eventuelle tilhøyrande forplikande utsleppsnivå (BAT-AEL), innan fire år etter EU har offentleggjort slike krav, jf. forureiningsforskrifta § 36-19. Krava for avfallsanlegg vart vedtekne av EU i BAT-konklusjon 10. august 2018.

Verksemda har sendt inn vurdering av om anlegget er omfatta av og driv i tråd med BAT 28. november 2019.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstillende tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.



3 Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Oppdatering av løyve etter ny mal

Løyvet er oppdatert etter ny mal for løyve etter forureiningslova som er utarbeidd av Miljødirektoratet og som er oppdatert med nye standardkrav i samsvar med BAT-konklusjonar. Dei fleste endringane gjeld endring av ordlyd, medan nokre punkt i løyvet inneheld nye krav. Sjå grunngjeving for utvalde vilkår og krav. Alle verksemder som er omfatta av IED vil få krav i samsvar med BAT. Verksemdas vurdering av BAT-konklusjonane er vurdert og er tatt til orientering, og vil ligge til grunn for tilsyn og framtidig saksbehandling.

Avfallsanlegget er i eit industriområde og vi har vurdert at drifta ikkje vil ha særleg verknad på naturmangfald, jf. naturmangfaldslova §§ 7 og 8. Vi har derfor ikkje vurdert dei miljørettslege prinsippa i §§ 9 til 12.

Vi har vurdert at det er nødvendig at utslepp av avløpsvatn frå verksemda til vassførekomsten Løken må opphøyre. Løken er registrert med dårleg økologisk tilstand og det er nødvendig med tiltak. Vi vurderer at krava i løyvet er tilstrekkeleg til at utsleppsvatn frå anlegget ikkje vil føre til nemneverdig ulemper for miljø og at aktiviteten ikkje vil vere til hinder for å nå måla i vassforskrifta.

Endra rammevilkår

Vi har vurdert at det er forsvarleg å auke årleg mottaksmengde ordinært avfall, auke maksimal lagringsmengde farleg avfall og redusere lagringsmengda ordinært avfall, då vi vurderer endringane til å vere av mindre miljømessig betydning.

Tilbakemelding på vurdering av BAT-konklusjonane

Statsforvaltaren har vurdert om vilkåra i NG Førde sitt løyve til verksemd etter forureiningslova må oppdaterast i samsvar med BAT-konklusjonane, med tilhøyrande BAT-AEL. Statsforvaltaren har vurdert at NG Førde er omfatta av IED, men at det ikkje er behov for å oppdatere løyvet med nye utsleppskrav i form av BAT-AEL.

Verksemda driv med aktiviteten mellomlagring av over 50 tonn farleg avfall, jf. forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.5, og er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED). Ettersom det ikkje er bindande BAT-AEL i BAT-konklusjonane for mellomlagring av farleg avfall, får ikkje verksemda nye utsleppsgrenser for denne typen aktivitet.

Verksemda hadde løyve til kverning av ordinært avfall. Kverning er omfatta av IED gjennom 5.3b)ii) «Forbehandling før forbrenning eller samforbrenning», jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 1. Etter ønske frå verksemda er aktiviteten «kverning av ordinært avfall» tatt ut frå løyvet. Det er derfor ikkje grunnlag for å vurdere om vilkåra må oppdaterast i samsvar med BAT-konklusjonane for denne aktiviteten.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at endringane er akseptable sett i lys av føremålet til forureiningslova og retningsliner i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved endringa samanhalde med fordelar og ulemper endringane elles vil føre til, gir vi løyve til endringane på nærare fastsette vilkår.



3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav

3.2.1 Rammevilkår

Det er sett ei grense for årleg mottaksmengde for alt avfall og ei grense for maksimal lagringsmengde for alt avfall på anlegget. Elles er det under rammevilkår vist til punkt 9.2 og til tabellar i vedlegg 2 med tillatne avfallsfraksjonar, mengder og aktivitetar. Det er også lagt til at bedrifta er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten betalar ut vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

I det gamle løyvet var det presisert at handtering av ordinært eller farleg avfall frå hushald krev skriftleg avtale med vedkomande kommune. Kravet går fram av forureiningslova § 30 og kommunen er myndigheit. Vi har derfor fjerna kravet frå løyvet.

3.2.2 Utslepp til vatn (punkt 3 i løyvet)

Utslepp frå punktkjelder (punkt 3.1.1 i løyvet)

Verksemda skal ikkje ha punktutslepp¹ til vatn frå innandørs avfallshandtering. Dette er eit standardkrav vi no set til alle avfallsanlegg fordi avfall, inkludert ordinært avfall, inneheld miljøfarlege stoff som kan spreia ved avrenning under lagring, jf. rapport 12/2019 «Miljøfarlige stoffer i overflatevann på avfallsanlegg» utarbeidd av Cowi for Norsk Industri.

Vi vil også påpeike at utslepp til vatn frå handtering av farleg avfall er regulert av kravet «Utslipp til vann fra avfallshandteringen er ikke tillatt» i minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 3 andre ledd. Dette kravet gjeld uansett om det er innandørs eller utandørs handtering.

Utsleppsgrense for olje er sett til 10 mg/l. Utslepp frå verksemder vil kunne innehalde mindre mengder av anna forureining enn olje. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren. Vi har skjerp utsléppsgrensa for olje frå 50 mg/l til 10 mg/l fordi vi vurderer at denne type drift ikkje skal føre til så store utslepp av olje. 10 mg/l er eit minstekrav og all forureining er uønskt. Bedrifta må gjere tiltak for å hindre avrenning, sørge for riktig dimensjonering, god drift, jamleg tømning og vedlikehald av oljeutskillar for å redusere utsleppet mest mogleg. Vi har under punkt 14 sett krav om utgreiing av utslepp til vatn og vil etter denne utgreiinga mellom anna vurdere å sette strengare utsleppsgrense for olje.

Utsleppsreducerande tiltak (punkt 3.1.3 i løyvet)

Vi har sett fleire utsleppsreducerande tiltak. Desse er lista opp under med forklaring til kvart punkt:

- Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget. Dette er viktig for å hindre overbelastning på det kommunale avløpsnettet.
- Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett² eller fast³ dekke skal samlast opp til punktutslepp. Kravet er sett for å sikre at alt forureina vatn blir samla opp og blir ført til godkjent utsleppspunkt.
- Oljeholdig avløpsvatn skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskillar eller tilsvarande reinseining slik at utsleppsgrenser fastsett i punkt 3.1.1 blir haldne. Oljeutskillar er eit reinseanlegg for

¹ Punktutslepp er alle utslepp som er samla opp.

² Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

³ Asfalt.



som i all hovudsak held tilbake olje og ikkje andre helse- og miljøskadelege stoff. For å hindre avrenning av helse- og miljøskadelege stoff frå anna avfall, er det nødvendig å gjere andre tiltak, til dømes å skjerme avfallet for vêr og vind med tak og anna klimavern.

- Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast. Dette er avgjerande når det ikkje er tillate å ha utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering.
- Det er ikkje tillate å sleppe ut avløpsvatn til Løken (0281010201-4-C). Utslepp av avløpsvatn til Løken må opphøre så snart som mogleg og seinast innan **31. desember 2023**. Kravet er sett fordi Løken er registrert med dårleg økologisk tilstand og det er nødvendig med tiltak for å nå god økologisk tilstand. Vi har vurdert at verksemda heller må samle alt overvatn frå sitt område til utsleppspunktet som går til kommunalt avløpsnett og vidare til Indre-Førdefjorden. Vi har vurdert at det er nødvendig at utsleppet opphører så snart som mogleg, men seinast innan fristen 31. desember 2023.

3.2.3 Utslepp til luft (punkt 4 i løyvet)

Lukt (punkt 4.2 i løyvet)

Det er sett krav om at frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggende bustader, sjukehus, institusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar ikkje skal overstige 1 prosent av timane i ein månad. Det er også sett krav om luktrisikovurdering, førebyggjande tiltak, driftsplan, lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering.

Utsleppsgrensa er endra og tilpassa anlegg som har diffuse utslepp av lukt. Tidlegare krav var tilpassa anlegg for kanaliserte utslepp. Lukt kan potensielt gi store plager for omgjevnadane og blir i dag strengare regulert enn tidlegare. Fordi bedrifta har løyve til å ta imot diverse avfall, til dømes kjøkken- og matavfall, som potensielt kan gi mykje lukt, har vi vurdert at det er nødvendig å sette strenge krav som først og fremst skal førebyggje lukt, men også handtere lukt på ein god og effektiv måte om det først oppstår.

3.2.4 Støy (punkt 7 i løyvet)

Vi har sett standard støygrenser for verksemder med stor variasjon i aktivitet/støynivå gjennom døgnet. Støygrensene er knytt til tidsintervall som regulerer driftstid. Vi har elles oppdatert støykrava ved å fjerne kravet som opnar for avvik frå støyavgrensingane i samband med båtlasting, då bedrifta ikkje lenger transporterer avfallet med båt.

Vi har sett krav om at bedrifta må utarbeide støysonekart som viser støy i raude og gule soner i tråd med *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442* (kap. 2.2.1) og soner med støynivå tilsvarande grenseverdiane gitt i løyvet. Støysonekartet skal sendast til Sunnfjord kommune og Statsforvaltaren. Støysonekartet er viktig dokumentasjon frå verksemda og eit verktøy for kommunen i arealplanlegginga. Kommunen blir slik kjent med støynivået som er i nærleiken av verksemdene og kan unngå å tillate ny bustadbygging innanfor raude og gule støysoner, og på den måten unngå konflikter i området.

3.2.5 Energileiing (punkt 8 i løyvet)

Bedrifta skal ha eit system for energileiing i verksemda for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet skal vere etablert innan 1. juni 2023.



Kravet er sett i samsvar med ny mal for løyve etter forureiningslova.

3.2.6 Avfall (punkt 9 i løyvet)

Alle krav knytt til handtering av avfall er samla under dette punktet. Det er nokre generelle krav som alle avfallsanlegg får og nokre som er særskilt knytt til dei avfallstypane verksemda skal handtere.

Mottak av avfall (punkt 9.2.1) i løyvet

Det er sett standardkrav for mottak av avfall, også for farleg avfall. I det gamle løyvet var det eit krav at NG Førde pliktar å ta imot alle farlege avfallstypar omtalt i § 11-4 i avfallsforskrifta. Dette kravet er fjerna, då vi ikkje lenger stiller slike krav til denne type anlegg.

Generelle krav til handtering (punkt 9.2.2e) i løyvet

Alt avfall, uavhengig av mengde, skal handterast og lagrast innandørs og på tett dekke⁴ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom bedrifta kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Dette er eit standardkrav for alle sorteringsanlegg for avfall som vi set fordi handtering og lagring av ulike avfallstypar fører til ulik forureining og for mange avfallstypar finst det ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på kva for ulemper og konsekvensar forureininga kan føre til. Kravet krev at bedrifta kartlegg forureining frå kvar enkelt avfallstype, risikovurderer handteringa og lagringa lokalt, og gjer tiltak for å førebygge og hindre forureining. I samband med risikovurdering av avfallstypar minner vi om at følgjande forskrifter har minstekrav til lagring av avfall:

- avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 med minstekrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall
- forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring
- avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte køyretøy
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- Forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.

Lagune for lagring av oljeholdig avløpsvatn

Bedrifta har lagune for lagring og sortering (settlings) av oljeholdig avløpsvatn, og har opplyst at både fast og flytande avfall blir levert til lovleg avfallsanlegg. Fordi lagunen ligger i bakken er det ikkje mogleg å inspisere rundt lagunen. Lagunen er derfor ikkje omfatta av tanklagringsforskrifta, men av forureiningslova, avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 Minstekrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farlig avfall, og internkontrollforskrifta særleg med tanke på risikovurdering og rutiner. I løyvet er det også sett følgjande tilleggskrav: «Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande farleg avfall skal ha overflyllingsvarsel og, der det er teknisk mogleg, overflyllingsvern. Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande farleg avfall, skal ha alarm ved utilsikta nivåreduksjon.»

Finansiell sikring (punkt 9.2.3 i løyvet)

Ordlyden på kravet i løyvet er endra, elles er kravet som før. Kravet står også i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 4.

⁴ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.



NG Førde har finansiell garanti datert 21. mars 2018. Denne vart godkjent av Statsforvaltaren 14. september 2018. Med dette løyvet blir maksimal lagringsmengde auka for farleg avfall og bedrifta må derfor etablere ny finansiell sikring. Vi vil følgje opp finansiell sikring som eiga sak.

3.2.7 Rapportering til Statsforvaltaren (punkt 11.5 i løyvet)

Bedrifta skal innan 1. mars rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no når dette blir etablert for avfallsanlegg. Inntil rapportering på www.altinn.no blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren. Det vil gå fram av skjema kva som skal rapporterast. Skjema blir sendt på e-post eller i digital postkasse til verksemda. Kravet er oppdatert i samsvar med ny mal for løyve etter forureiningslova.

3.2.8 Miljøovervaking (punkt 12 i løyvet)

Overvaking av resipientar og overvaking etter vassforskrifta (punkt 12.1 og 12.2 i løyvet)

Det er sett eit generelt krav om miljøovervaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Det er også krav om overvaking etter vassforskrifta dersom målingar av forureina avløpsvatn viser uakseptabel forureining. Bedrifta kan bli pålagt å gjennomføre meir omfattande gransking eller overvaking dersom Statsforvaltaren finn det nødvendig for å kartleggje samla belastning i vassførekomstar. Dette er eit generelt krav som no blir stilt til alle avfallsanlegg som har utslepp til vatn.

Overvaking av grunn og grunnvatn (punkt 12.3 i løyvet)

Bedrifta skal syte for overvaking av grunn og grunnvatn minst ein gong kvart femte år for grunnvatn og ein gong kvart tiande år for grunn. Statsforvaltaren kan godta annan frekvens dersom bedrifta, basert på tilstandsrapporten og ei systematisk vurdering av forureiningsrisiko, kan dokumentere at det er forsvarleg.

Alle verksemder som er omfatta av IED får dette kravet, jf. forureiningsforskrifta § 36-11 punkt 4. Kravet heng saman med tilstandsrapporten om mogleg forureining av grunn og grunnvatn som skal utarbeidast, jf. forureiningsforskrifta § 36-21 og punkt 14.3 i løyvet.

3.2.9 Undersøkingar og utgreiingar (punkt 14 i løyvet)

Utgreiing av utslepp til vatn (punkt 14.1 i løyvet)

Bedrifta skal kartleggje/gjere greie for innhald av forureining, inkludert prioriterte miljøgifter, i punktutsleppa og utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 31. desember 2023.

Vi set no dette kravet til alle avfallsanlegg som har utslepp til vatn i form av avrenning frå uteareal. I tillegg er Indre-Førdefjorden og Løken begge registrert med dårleg økologisk tilstand. Overflatevatn på avfallsanlegg kan føre til utslepp av miljøfarlege stoff, jf. rapport 12/2019 «Miljøfarlige stoffer i overflatevann på avfallsanlegg» utarbeidd av Cowi for Norsk Industri. Vi vurderer derfor at det er nødvendig å kartlegge omfanget av forureininga. Basert på utgreiinga vil Statsforvaltaren vurdere å sette meir presise, og eventuelt strengare utsleppsgrenser.

Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn (punkt 14.3 i løyvet)

Bedrifta skal vurdere behovet for å dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn i samsvar med trinn 1-3 i Miljødirektoratet si rettleiing M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*. Vurderinga skal sendast Statsforvaltaren innan 1. september 2023.

Det er krav om at verksemder som er omfatta av IED skal utarbeide ein tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn, jf. forureiningsforskrifta § 36-21.



3.2.10 Liste over prioriterte miljøgifter (vedlegg 1)

Vi har oppdatert lista over prioriterte miljøgifter slik at dei samsvarer med den gjeldande nasjonale lista. Oppdateringa er eit ledd i å nå det nasjonale målet om at utslepp av prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3.2.11 Oversikt over avfallstypar og aktivitetar (vedlegg 2)

Tidlegare krav til tillatne avfallstypar, aktivitetar, lagringstider og lagringsmengder er samla i tabell 1 og 2 i vedlegg 2.

Oppsummering av endringane som er gjort:

- Avfallstypane er delt inn etter avfallsstoffnummer i samsvar med NS 9431:2011 Klassifikasjon av avfall.
- Det er oppgitt behandlingsmåtar for kvar enkelt avfallstype.
- Mengder som var angitt i kubikk er omgjort til tonn.
- Det er redusert maksimal lagringstid for fleire avfallstypar, til dømes kasserte køyretøy, sortert ordinært avfall, trevirke, park- og hageavfall, kjøkken- og matavfall.
- Det er presisert at smittefarleg avfall gjeld stikkande og skjerande frå legekontor, sjukeheim og liknande, då Statsforvaltaren har vurdert at denne avfallstypen ikkje treng lagring i minusgrader.
- Maksimal lagringsmengde for lagring av farleg avfall (stykkgoods og bulk) er auka frå 250 til 350 tonn.
- Maksimal årleg mottaksmengde av ordinært avfall er auka frå 24 250 til 32 000 tonn.
- Maksimal lagringsmengde for ordinært avfall er redusert frå 5000 til 3000 tonn.

Vi har gjort fleire endringar med grunnlag i ny mal for løyve etter forureiningslova og at avfallstypar blir regulert annleis med dagens krav. Det er aktivitetar og avfallstypar som i dag er strengare regulert og/eller som vi har erfaring med fører til forureining eller fare for forureining, og som vi har vurdert at treng regulering. I tillegg kan lang lagringstid føre til at kvaliteten på avfallet går ned og føre til at avfallet ikkje kan materialgjenvinnast i like stor grad. Endringane i krava er gjort i samråd med verksemda.

Vi har vurdert at det er forsvarleg å auke lagringsmengda på farleg avfall, sidan lagringsmengda totalt sett går ned med 1900 tonn. Vi har også vurdert at det er forsvarleg å auke årleg mottaksmengde av ordinært avfall, då dette i praksis betyr auke av om lag 1 bil per verkedag. Vi vurderer dette til å vere akseptabel forureining som ikkje vil påverke nærmiljø og naboar vesentleg.

4 Faktagrunnlag

4.1 Kort informasjon om verksemda og utsleppa

NG Førde er eit avfallsanlegg for handtering av ordinært og farleg avfall. Verksemda har mellom anna løyve til miljøsanering av kasserte køyretøy, lagring av farleg avfall og sortering av ordinært avfall. Utslepp frå drifta skjer i form av overvatn frå handtering av avfall utandørs, støv, lukt og støy.



4.2 Resipientar og miljøtilstand

4.2.1 Tilstand i vassførekomsten

Klassifisering i Vann-Nett

Førdefjorden-indre (0281010201-3-C) er registrert med dårleg økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Det er nødvendig med tiltak for å nå god økologisk tilstand.

Jølstra (084-26-R) er ei elv som ligg like ved industriområdet og renn ut i Førdefjorden-indre. Jølstra er eit anadromt vassdrag som er del av ein nasjonal laksefjord. Elva er registrert med moderat økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Det er nødvendig med tiltak for å nå god økologisk tilstand.

Løken (0281010201-4-C) er registrert med dårleg økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.

Trua artar og naturtypar

Det er registrert ulike artar i området som er av stor forvaltningsinteresse, til dømes gråmåke, sandsvale, storspove, svartbak, fiskemåke, havelle, bergirisk og storskarv. Førdefjorden er gytefelt for torsk og i delar av Jølstra er det registrert blautbotnområde i strandsona.

5 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

5.1 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Vi har vurdert at endringane ved innføring av dei nye vilkåra i løyvet er av mindre miljømessig betydning. Vedtaket er vurdert å vere ei innskjerping i reguleringa og bidreg til å redusere forureining frå verksemda. Utkastet til nye vilkår er derfor ikkje sendt på høyring utover at NG Førde og Sunnfjord kommune har fått utkast til løyve til gjennomsyn, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b).

6 Klagerett

NG Førde og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Nina Vadøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1 Løyve etter forureiningslova - Norsk Gjenvinning AS avd. Førde - Sunnfjord

Kopi til:

SUNNFJORD KOMMUNE

Postboks 338

6802

FØRDE



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6, og endra i medhald av § 18. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 5 til og med side 24. Dette løyvedokumentet er ajourført per 24.11.2022 og erstattar tidlegare løyve.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Bedrifta bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.¹

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Bedrift	Norsk Gjenvinning AS avd. Førde
Postadresse for bedrifta	Postboks 567 Skøyen (JE), 0214 Oslo
Org. nummer (bedrift)	988 551 880 (høyrrer til 937 270 062)
Næringskode og bransje	38.320 – Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning
Kategori for verksemda ²	5.5
Stad/gateadresse	Flovegen 1 og 16 i Førde
Kommune og fylke	Sunnfjord kommune i Vestland fylke
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 331658, nord: 6817802
Gards- og bruksnummer	gnr. 21 bnr. 299, 540 og 554

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Saksnummer:
2022.0957.T	4647.0001.01 – farleg avfall 4647.0001.02 – ordinært avfall 4647.0001.04 – bilvrak	2019/3032

¹ I dette dokumentet blir ordet "verksemd" brukt om den produksjon eller aktivitet som blir drive og som løyvet gjeld. Ordet "bedrift" blir brukt om den juridiske eininga som er ansvarleg for å halde plikter og avgrensingar (vilkår) i løyvet til verksemda, den som må søke om eventuelle endringar, som leverer avfall osv. Ordbruken er søkt gjennomført så konsekvent som mogleg i dokumentet.

² Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.



Løyve gitt første gong: 18.08.1998	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: 24.11.2022	Løyve sist endra: 24.11.2022
Åsmund Skancke Karlsnes overingeniør		Nina Vadøy senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar



Innholdsliste

1	Rammevilkår	5
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	5
2.4	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt	5
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	6
2.7	Internkontroll	6
3	Utslepp til vatn	6
3.1	Utsleppsavgrensingar	6
3.1.1	<i>Utslepp frå punktkjelder</i>	6
3.1.2	<i>Diffuse utslepp</i>	7
3.1.3	<i>Utsleppsreduserande tiltak</i>	7
3.2	Utsleppspunkt	7
3.3	Kjølevatn	7
3.4	Sanitæravløpsvatn	7
3.5	Mudring	7
4	Utslepp til luft	8
4.1	Utsleppsavgrensingar	8
4.1.1	<i>Utslepp frå punktkjelder</i>	8
4.1.2	<i>Diffuse utslepp</i>	8
4.2	Lukt	8
4.2.1	<i>Luktavgrensing</i>	8
4.2.2	<i>Luktrisikovurdering</i>	8
4.2.3	<i>Førebyggjande tiltak og driftsplan</i>	8
4.2.4	<i>Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering</i>	8
4.3	Støv	9
5	Grunnforureining og forureina sediment	9
6	Kjemikal	9
7	Støy	10
8	Energi	11
8.1	Energileiing	11
8.2	Utnytting av overskotsenergi	11
8.3	Spesifikt energiforbruk	11
9	Avfall	11



9.1	Generelle krav	11
9.2	Handtering av avfall	12
9.2.1	<i>Mottak av avfall</i>	12
9.2.2	<i>Generelle krav til handtering</i>	12
9.2.3	<i>Finansiell sikring</i>	13
9.2.4	<i>Kompetanse</i>	13
9.2.5	<i>Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall</i>	13
10	Deponi for eige avfall.....	13
11	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren	14
11.1	Kartlegging av utslepp.....	14
11.2	Utsleppskontroll.....	14
11.3	Kvalitetssikring av målingane	14
11.4	Program for utsleppskontroll.....	14
11.5	Rapportering til Statsforvaltaren	15
12	Miljøovervaking	15
12.1	Overvaking av resipientar	15
12.2	Overvaking etter vassforskrifta	15
12.3	Overvaking av grunn og grunnvatn	16
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	16
13.1	Miljørisikoanalyse	16
13.2	Førebyggjande tiltak	16
13.3	Beredskap	17
13.3.1	<i>Beredskapsanalyse</i>	17
13.3.2	<i>Beredskapsetablering</i>	17
13.3.3	<i>Beredskapsplan</i>	17
13.3.4	<i>Øving av beredskap</i>	17
13.4	Varsling av akutt forureining	17
14	Undersøkingar og utgreingar	18
14.1	Utgreiing av utslepp av utslepp til vatn.....	18
14.2	Utarbeiding av støysonekart	18
14.3	Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn	18
15	Eigarskifte, omdanning mv.	18
16	Nedlegging	19
17	Tilsyn.....	19
Vedlegg 1	Liste over prioriterte miljøgifter	20
Vedlegg 2	Oversikt over avfallstypar og aktivitetar	22



1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 1 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil 43 500 tonn avfall per år. Mengda avfall på området til bedrifta skal ikkje på noko tidspunkt overstige 3645 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som blir lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Tillaten behandling av avfallet er nærmare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Bedrifta er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten betalar ut vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.



Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom bedrifta ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må bedrifta søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift³. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha punktslepp⁴ til vatn frå innandørs avfallshandtering.

Tabell 3.1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar, jf. punkt 11.2

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrenser Konsentrasjon (mg/l)
Alle punktslepp	Olje	10

³ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

⁴ Punktslepp er alle utslepp som er samla opp.



Utslepp frå verksemdar vil kunne innehalde mindre mengder av anna forureining enn olje. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

3.1.2 Diffuse utslepp

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureina utslepp til vatn ved diffuse utslepp. Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg. Diffuse utslepp skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

3.1.3 Utsleppsreducerande tiltak

Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget.

Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett⁵ eller fast⁶ dekke skal samlast opp til punktutslepp.

Oljeholdig avløpsvatn skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i punkt 3.1.1 blir haldne.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

Det er ikkje tillate å sleppe ut avløpsvatn til Løken (0281010201-4-C). Utslepp av avløpsvatn til Løken må opphøyre så snart som mogleg og seinast innan **31. desember 2023**.

3.2 Utsleppspunkt

Bedrifta skal leie avløpsvatnet sitt inn på kommunalt avløpsanlegg med utslepp i vassførekomsten Førdefjorden-indre (0281010201-3-C) i samsvar med dei krav som kommunen set for påsleppet⁷. Endring av utsleppskrav eller utsleppsstad i løyvet til det kommunale avløpsanlegget, kan føre til at Statsforvaltaren set nye krav for avløpsvatnet.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå bedrifta.

3.5 Mudring

Dersom det som følge av verksemda til bedrifta skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedrifta innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

⁵ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

⁶ Asfalt.

⁷ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 15A om påslepp



4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsavgrensingar

4.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft frå punktkjelder.

4.1.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

4.2 Lukt

4.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgivingane blir avgrensa mest mogleg.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.2.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal verksemda setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ein driftsplan som sikrar at drifta fører til avgrensa luktulemper. Planen skal vere utarbeidd i samsvar med tilrådingane gitt i vedlegg 4 i *Miljødirektoratet si rettleiing TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold, skal driftsplanen oppdaterast.

Bedrifta skal dagleg føre driftslogg, for å kunne dokumentere at driftsplanen blir følgd.

4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering

Bedrifta skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*.

Bedrifta skal informere Statsforvaltaren og naboar når det blir planlagt aktivitet som kan føre til mellombels auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka luktplager.

Bedrifta skal ha eit system for registrering av innkommande luktklager som skal knytast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og han skal rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar med punkt 11.5.



4.3 Støv

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø. Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå all støvande aktivitet.

Det skal lagast planar for å førebygge og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 13.1.

Ved spesielle vær- eller driftsforhold som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁸, og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22⁹.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller slepte ut ved verksemda og sette i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan setje ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå også punkt 16.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

⁸ Jf. forureiningsforskriften kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁹ Jf. forureiningsforskriften kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag



For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.¹⁰

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket¹¹ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Laurdag (kl. 07-23)	Sun-/heilagdag (kl. 07-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv8h}$	L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar.

L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som blir etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Bedrifta skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, med utgangspunkt i verdiane gitt i støykrava over.

Bedrifta skal utarbeide støysonekart for verksemda si, jf. punkt 14.2, som viser støy i raude og gule soner i tråd med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 (kap. 2.2.1) og soner med støynivå tilsvarande grenseverdiane gitt i løyvet. Støysonekartet skal haldast oppdatert.

¹⁰ Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

¹¹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516



8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan **1. juni 2023**.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Bedrifta pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova¹².

For materiale som blir nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Bedrifta skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei minst like god miljøløysing.

¹² Sjå mellom anna avfallsforskrifen av 1.6.2004 nr. 930 og kapittel 18 i forurensningsforskrifen av 1.6.2004 nr. 931.



9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Mottak av avfall

Verksemder som tar imot farleg avfall skal ha tilfredsstillande internkontrollsystem, jf. punkt 2.7 Internkontroll og internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal sikre at mottatt farleg avfall er deklarerert eller lovleg importert slik at den vidare handtering kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13. Tilsvarande gjeld at mottak av ikkje-farleg avfall er tilstrekkeleg dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge avfallets samansetning.

Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til bedrifta, skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

Verksemnda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillatne levert til anlegget.

Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast går fram av tabell 1 i vedlegg 2.

9.2.2 Generelle krav til handtering

All handtering¹³ av avfall skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn.

I tillegg gjeld følgande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining.
- b. Bedrifta skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.
- c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.
- d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
- e. Alt avfall, uavhengig av mengde, skal handterast og lagrast innandørs og på tett dekke¹⁴ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom bedrifta kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.
- f. All lagring av flytande farleg avfall skal ha eit system som er eigna til å hindre overfylling.
- g. Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande farleg avfall skal ha overfyllingsvarsel og, der det er teknisk mogleg, overfyllingsvern.
- h. Verksemnda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreining og etablering av framande skadelege artar. Risikoen for spreining av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

¹³ Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling. Omgrepet omfattar likevel ikkje lagring i påvente av levering hos verksemnda som sjølv har generert avfallet.

¹⁴ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.



I tillegg gjeld krava i følgande forskrifter:

- avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 om minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall
- forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring
- avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte køyretøy
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- Forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.

9.2.3 Finansiell sikring

Vi viser til avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 nr. 4 om krav til etablering av finansiell sikring. Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved verksemda sitt anlegg ved nedlegging, stans, vesentleg misleghald eller ved betalingsproblem. Utan ei godkjent sikring kan verksemda ikkje ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre Statsforvaltaren har gitt ei mellombels utsetjing av kravet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdratt, fisjonert/fusjonert, får nye eigarar med avgjerande innverknad, på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive etter dette løyvet før Statsforvaltaren har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Nytt driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til nytt driftsansvarleg selskap har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Statsforvaltaren

Dersom tilhøva blir vurdert som tilfredsstillande skal eventuelle midlar som ikkje er brukt til avhending av avfallet førast tilbake til verksemda.

9.2.4 Kompetanse

Alle som handterer farleg avfall i bedrifta skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.

Bedrifta skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere miljørisiko ved verksemda og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at bedrifta driver i samsvar med løyve og anna regelverk.

9.2.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Bedrifta skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

10 Deponi for eige avfall

Bedrifta skal ikkje ha deponi for eige avfall.



11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta plikter å kartleggje verksemda sine utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Bedrifta skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

Bedrifta skal også kartleggje støy frå verksemda, jf. punkt 7.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og berekning.

Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier fastsette i tabell 3.1 under punkt 3.1.1 i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier som er fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljøverknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Bedrifta skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Bedrifta må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.



I programmet skal bedrifta gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første avsnitt), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstrausmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal bedrifta rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no når dette blir etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no. Inntil rapportering på www.altinn.no blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Bedrifta skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking av resipientar

Bedrifta skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingssystem. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Dersom målingar av forureina avløpsvatn viser uakseptabel forureining, skal bedrifta overvake og gjere greie for korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Den skal også vise påverknad frå verksemdas tidlegare utslepp.

Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking.

Eit eventuelt overvakingssystem skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader.



Resultata frå undersøkinga skal sendast Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Bedrifta kan bli pålagt å gjennomføre meir omfattande gransking eller overvaking dersom Statsforvaltaren finn det nødvendig for å kartleggje samla belastning i vassførekomst, jf. forureiningslova § 51. Bedrifta kan bli pålagt å betale for ein del av kostnadane ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre bedrifter med utslepp i området.

12.3 Overvaking av grunn og grunnvatn

Bedrifta skal syte for overvaking av grunn og grunnvatn minst ein gong kvart femte år for grunnvatn og ein gong kvart tiande år for grunn, jf. punkt 14.3. Statsforvaltaren kan godta annan frekvens dersom bedrifta, basert på tilstandsrapporten, jf. punkt 14.3 og ei systematisk vurdering av forureiningsrisiko, kan dokumentere at det er forsvarleg.

Resultat frå overvakinga skal sendast Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Grunnforurensning (<http://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at overvakinga er gjennomført.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljøriskoen til eit akseptabelt nivå. Dette



gjeld både sannsynsreducerende og konsekvensreducerende tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

13.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjør restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi:

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

13.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.3.4 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁵. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

¹⁵ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreiing av utslepp av utslepp til vatn

Bedrifta skal kartleggje/gjere greie for innhald av forureining, inkludert prioriterte miljøgifter, i punktutsleppa ved å

- kartleggje kjelder til punktutslepp
- talfeste storleiken på kvart punktutslepp
- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Bedrifta skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan **31. desember 2023**.

14.2 Utarbeiding av støysonekart

Støysonekart som er utarbeidd i samsvar med punkt 7 skal sendast til kommunen og Statsforvaltaren innan **1. juni 2023**.

14.3 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Bedrifta skal vurdere behovet for å dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med trinn 1-3 i Miljødirektoratet si rettleiing M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*.

Vurderinga skal sendast til Statsforvaltaren innan **1. september 2023**.

Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne vurderinga finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil bedrifta bli pålagt å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med trinn 4-7 i Miljødirektoratet si rettleiing M-630/2016.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdrege til ny eigar, eller får ny eigar med bestemmende innverknad over selskapet, skal det sendast melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet. Eit eigarskifte fører ikkje til endring/bortfall av den finansielle sikringa stilt av selskapet og/eller sikring stilt av tredjepart, bankgaranti medrekna. Statsforvaltaren kan etter søknad frå driftsansvarleg selskap, eigar eller mogleg framtidig eigar, godkjenne endringar/ombyte av garantiar og sikring stilt av eigar og/eller bank dersom det kan dokumenterast at dette vil gi tilfredsstillande sikring.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir fusjonere, fisjonere, på annan måte blir omdanna eller selskapet skal overføre driftsansvaret for den forureina verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før Statsforvaltaren har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til slik godkjenning er gitt.



16 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som alt er stilt i samsvar med løyvet løper vidare til Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁶. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukne kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand.

Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.5.

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedrifta melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.

17 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

¹⁶ Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon**PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A**BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC



Vedlegg 2 Oversikt over avfallstypar og aktivitetar

Tabell 1: Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoffnummer	Avfallstype	Mengde (tonn) som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
7000	Farleg avfall (stykkgoods, bulk og lagune)	350 tonn	
7011, 7012, 7021, 7023, 7030, 7031, 7041, 7042, 7081, 7142, 7144, 7165	Farleg avfall (tanklagring)	150 tonn	12 månader
1500	EE-avfall		
9911 9912	Blanda/ikkje-sortert ordinært avfall frå næring og hushald		7 dagar 1 måned
1200, 1300 1615-1618 1699 1700, 1800, 1900 2200, 2300	Før sortering Restavfall etter sortering Sortert ordinært avfall frå næring og hushald		6 månader
1111, 1126	Kjøkken- og matavfall Slam, organisk	3000 tonn	5 dagar
1127, 1128	Blanding av vatn, feitt og fôrrestar Vegetabilsk avfall		2 månader
1128, 1131	Park- og hageavfall		6 månader
1141, 1142, 1143 og 1149	Trevirke		6 månader
1601, 1603, 1604	Masser		12 månader
1619	Asfalt		12 månader
1611-1614	Betong, tegl og takstein		12 månader
1400	Metall		
6003	Smittefarleg avfall*		1 måned
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy - usanerte sanerte	45 tonn 100 tonn	7 dagar 6 månader

* Gjeld stikkande og skjerande frå legekantor, sjukeheim og liknande.



Tabell 2: Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingmåtar:

Avfallsstoff- nummer	Avfallstype	Behandlingsmåtar	Årleg mengde (eining/år)
7000	Farleg avfall (stykkgoods, bulk og lagune)	Lagring og sortering	10 000 tonn
7011, 7012, 7021, 7023, 7030, 7031, 7041, 7042, 7081, 7142, 7144, 7165	Farleg avfall (tanklagring)	Lagring	
1500	EE-avfall	Sortering og lagring	25 000 tonn
9911, 9912	Blanda/ikkje-sortert ordinært avfall frå næring og hushald	Sortering og lagring	
1200, 1300 1615-1618 1699 1700, 1800, 1900 2200, 2300	Sortert ordinært avfall frå næring og hushald	Sortering og lagring	
1111, 1126, 1127 og 1128	Bioavfall og slam	Lagring	
1131	Park- og hageavfall	Sortering og lagring	
1141, 1142, 1143 og 1149	Trevirke		
1601, 1603, 1604	Massar		
1619	Asfalt		
1611-1614	Betong, tegl og takstein		
	Metall	Lagring, sortering, klipping/skjering	7000 tonn
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy	Miljøsanering og lagring	1500 tonn